

**Notat**Dato: 16.06.2014  
Arkivsak: 2014/17541-1  
Saksbehandlar: Iarbirik

---

**Til:** Einar Aalen Hunsager

---

**Frå:** Lars Øyvind Birkenes

---

**Matlandselva kraftverk og Nore Fusa vannverk – Søknad om konsesjon - Innspel om kulturminne****INNSTILLING**

- Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt
- Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde

**Kulturminne og kulturmiljø**

Det går fram av konsekvensvurderinga at det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne innanfor influensområdet. Hordaland fylkeskommune ser heller ikkje at det er særleg stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne i det gjeldande området. Ovanfor inntaket er det kjent ein SEFRAK-registrert ruin etter sag frå fjerde kvartal ved Hafskorvatnet (id. 12410103011).

Utbygginga råkar ingen andre kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn sers lite.

**Vurdering og tilråding**

Konsekvensvurdering gir ei forholdsvis grei skildring av konsekvensane planlagt tiltak vil ha for kulturminne. Vi kan ikkje sjå at vurderinga er basert på synfaring av arkeolog eller at potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne er vurdert av arkeolog, men vi er einig at potensial for funn er liten.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne direkte og vil i liten grad få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø.